

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 16.11.2021

Møtetid: Kl. 9:00-11:40

Møtestad: Rådhuset, kommunestyresalen

Saksnr.: 18/2021 – 21/2021

Følgjande medlem møte	Parti
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Kristoffer Ullern Hansen	MDG
Erna Underdal Skarsbø	Sp

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møte	Parti
Siri Larsen Ramsøy	Ap	Elisabet Vindedal	Ap

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møte

Møteleiar:	Frode Bekkestad
Frå sekretariatet møte:	Harald Mo, PwC
Frå administrasjonen møte:	Reinhardt Sørensen
Frå revisjonen møte:	
Andre som møte:	
Dokument utlevert i møtet:	<p>Brev av 12.11.2021 frå Are Frøysland Grande, AD: Manglende notoritet i sakens anleding</p> <p>Brev av 12.11.2021 frå Simas IKS: Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport i SIMAS IKS.</p> <p>Epost av 12.11.2021 frå rådmannen i Aurland, svar på spørsmål frå sekretariatet i kontrollutvalet vedr. saksgang kommunal kompensasjonsordning.</p> <p>Epost av 11.11.2021 frå Flåm Ferdaminne AS, etterspør grunngeving for avslag på klage.</p> <p>Epost av 08.11.2021 frå Hege Wangen Aarhus</p> <p>Brev av 06.11.2021 frå Are Frøysland Grande, AD: Innsynskrav vdr. varsel mot rådmanneni pågående sak</p>
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
18/2021	Godkjenning av møteprotokoll 14.09.2021	O
19/2021	Drøftingssaker, skriv og meldingar	O
20/2021	Møteplan 2022	O
21/2021	Forvaltningsrevsjon 2022	O

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 18/2021 Godkjenning av møteprotokoll 14.09.2021

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	16.11.2021	18/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 14.09.2021 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	14.09.2021	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 14.09.2021

16.11.2021 KONTROLLUTVALET

SAK 18/2021 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 14.09.2021 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 19/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	16.11.2021	19/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Brev frå May-Irene Mykkeltvedt/Flåm Ferdaminne AS 14.09.2021 er klage på enkeltvedtak. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan og klage er handsama i kommunestyret. Saka høyrer ikkje inn under kontrollutvalet sine oppgåver og saka blir ikkje handsama i kontrollutvalet. Melding om kontrollutvalet sitt vedtak i saka skal sendast til avsendar.

Møteboka skal sendast til Stundal som svar på brevet.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	Juni 2021	Aurland Eige AS	Årsrekneskap 2020
2	04.11.2021	Aurland kommune	Tertialrapport 2 2021
3	11.10.2021	Lars Arne Stundal	Klage på vedtak 16/2021 i Kontrollutvalet

16.11.2021 KONTROLLUTVALET

Orienteringar:

Rådmannen ved Reinhardt Sørensen orienterte om:

- Tertialrapport 2 2021

Sekretariatet orienterte om:

- Status oppfølging eigarskapskontroll. Det er fastsett møte mellom rådmann og styret i Aurland Eige AS.
- Statsforvaltaren sitt budsjettbrev for 2021. Dette er ikkje motteke.
- Lars Arne Stundal klagar på kontrollutvalet sitt vedtak 14.09.2021. Denne saka er ferdig handsama i kommunen og klagefristane har gått ut. Kontrollutvalet fekk i sist møte ei orientering om saka og fastesette då vedtak om å ikkje gå inn i saka. Dette vedtaket kan Stundal ikkje klage på.

Drøftingsaker:

- Kontrollutvalet har 14.09.2021 fått tilsendt klage på avslag om tildeling av midlar frå May-Irene Mykkeltvedt/Flåm Ferdaminne AS. Klagen er endeleg handsama av kommunestyret etter at kontrollutvalet fekk brevet tilsendt. Brevet er klage på enkeltvedtak. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan. Saka høyrer ikkje inn under kontrollutvalet sine oppgåver og sekretariatet innstiller på at saka blir ikkje handsama i kontrollutvalet. Melding om kontrollutvalet sitt vedtak i saka skal sendast til avsendar.

SAK-16/2021 VEDTAK:

Kontrollutvalet ynskjer å følgje opp arbeidet med tilrådingane i Rapport etter eigarskapskontroll Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS
Kontrollutvalet ber om orientering om framdrift i arbeidet med tilrådingane frå rådmannen og styreleiar i Aurland Eige AS i neste møte.

Kontrollutvalet ber om å få framlagt budsjettbrev når dette er motteke frå Statsforvaltaren.

På grunnlag av Lars Arne Stundal si klage dagsett 11.10.2021 ber kontrollutvalet om ei orientering om klagdeadgang og informasjon om klageadgang i vedtaksbrev i saker som vedkjem plan og og bygningslova i neste møte.

Brev av 12.11.2021 frå Simas IKS: Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport i SIMAS IKS skal sendast over til Harald Sjursen som info om spørsmåla som vart stilt i epost av 29.01.2020.

Brev frå May-Irene Mykkeltvedt/Flåm Ferdaminne AS 14.09.2021 er klage på enkeltvedtak. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan og klage er endeleg handsama i kommunestyret. Saka høyrer ikkje inn under kontrollutvalet sine oppgåver og saka blir ikkje handsama i kontrollutvalet. Melding om kontrollutvalet sitt vedtak i saka skal sendast til avsendar.

Møteboka skal sendast til Stundal som svar på brevet.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 20/2021 Møteplan 2022

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 16.11.2021	Saknr 20/2021
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2022.

16.11.2021 KONTROLLUTVALET

SAK-20/2021 VEDTAK:

Følgjande møteplan vart fastsett for 2022 med møtetidspunkt kl. 9.00 - 11.00:

Møte	Tidspunkt
1. møte	8. februar
2. møte	26. april (kan bli flytta avhengig av kor tid rekneskapen er klar)
3. møte	7. juni
4. møte	13. september
5. møte	15. november

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 21/2021 Forvaltningsrevsjon 2022

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 16.11.2021	Saknr 21/2021
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding men for drøfting i kontrollutvalet.

16.11.2021 KONTROLLUTVALET

SAK-21/2021 VEDTAK:

Tekniske tenester er prioritert prosjekt. Sekretariatet følger opp om det blir tildelt budsjett for forvaltningsrevisjon i 2022. Dersom det blir tildeling, så sender sekretariatet analysen av tekniske tenester over til KPMG med forespørsel om dei kan utarbeide utkast til prosjektplan til neste møte.

Samrøystes.